



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Sendt på e-post

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høyringsfråsegn - ein skilde endringar i inndelingslova og kommunelova

Vi viser til høyringsnotat oversendt frå departementet 9.6.2015 og har følgjande merknader til høyringsnotatet:

Kapittel 2. ROBEK-status ved samanslåing. Ny § 16 a i inndelingslova og ny bokstav e i kommunelova § 60.

Fylkesmannen er samd med departementet i at ROBEK-status ikkje automatisk bør vidareførast dersom ein eller fleire av dei opphavlege kommunane er i ROBEK. Ein automatisk ROBEK-status for den nye kommunen vil lett kunne ha negativ verknad på samanslåingsprosessen. Fylkesmannen bør derfor få mynde til melde den nye kommunen inn i ROBEK i samsvar med forslagets alternativ 2. Ordlyden i § 16 a "fram til samanslåinga" framstår som lite presis. Denne bør endrast til "fram til samanslåinga vert sett i verk..". Som eit alternativ kan det setjast ein frist frå vedtaket om samanslåing, slik at Fylkesmannen får tilstrekkeleg tid til å vurdere forholdet.

Kapittel 3. Kommunesamanslåing og forkjøpsrett til aksjar. Ny § 16 b i inndelingslova.

Spørsmål knytt til eigarskap til aksjeselskap er eit sentralt tema i samband med drøfting av ny kommunestruktur, og også korleis verdiar skal forvaltast i ein ny kommune. Fylkesmannen ser det som positivt at rettstilstanden blir avklart når det gjeld desse spørsmåla. Spørsmålet bør løysast på same måte som ved fusjon og fisjon av verksemder. Fylkesmannen vil foreslå at slike spørsmål blir vurderte samla som avklaringar gjennom endringar av aksjelova, ev. med samanfallande føresegner både i aksjelova og inndelingslova. Dette vil gjere lovene meir oversiktlege.

Kapittel 4. Deling og grensejustering.

Endringa gjeld tilføyning av nyt tredje punktum i inndelingslova § 3 tredje ledd. Dette ledet får då slik ordlyd:

"Grensejustering inneber at eit område blir flytta over frå ein kommune til ein annan, eller frå eit fylke til eit anna. På same måte blir det rekna når ein heil kommune blir flytta over til eit anna fylke. Departementet kan fastsetje at ei grenseendring i ei sak om deling skal handsamast som ei grensejustering, dersom ein mindre del av ein kommune eller eit fylke skal leggjast til ein annan kommune eller eit anna fylke." (Forslaget er utheva her.)

Fylkesmannen er samd i departementet sitt forslag, då dette vil bety ein enklare prosess i slike saker. Det er ein fordel at departementet i lovforarbeida definerer kva som er "ein mindre del av ein kommune". Departementet sin definisjon på side 19 og 20 i notatet framstår som uklar. Det står at delar av kommunen som utgjer mindre enn 10 % av innbyggjarane i kommunen normalt skal behandlast som ei grensejustering, samstundes som grensejustering som omfattar 25 % av innbyggjarane vil danne den øvste grense for kva som er "ein mindre del av ein kommune".

Vi er samde i at grensejusteringssaker som utgjer mindre enn 10 % av innbyggjarane, kan behandlast av Fylkesmannen. Dette bør innførast som ei generell norm når det gjeld kva for mindre grensejusteringssaker som kan behandlast av Fylkesmannen, jf. pkt. 2.1.4 i rundskriv H-8/14 om inndelingslova. Vi går ut frå at fullmakta heller ikkje i dette tilfellet gjeld grensejusteringar som omfattar både kommune- og fylkesgrense.

Kapittel 5. Fullmakt til å gjere unntak frå kravet om felles kommunestyremøte.

Departementet foreslår å innføre ein ny unntaksregel i inndelingslova § 25 slik at det ikkje blir stilt krav om felles kommunestyremøte der det allereie ligg føre lokale vedtak i kvart kommunestyre. Fylkesmannen har ikkje merknader til dette. Vi vil rå til at det blir delegert til fylkesmennene å gi unntak frå kravet om felles kommunestyremøte.

Kapittel 6. Nytt kommunestyre etter ei samanslåing. Nytt punkt e) i inndelingslova § 17

Departementet foreslår ei endring av § 17 slik at unntak frå lov m.a. må knytast til følgjande forhold:

- "e) reglar om kommunestyreperioden og om samansetjing av kommunestyret slik at kommunane kan velje å korte ned kommunestyreperioden og peike ut kommunestyret i den nye kommunen av og mellom dei valde kommunestyra."

Forslaget er m.a. begrunna slik:

"På bakgrunn av dette meiner departementet at det kan vere føremålstenleg å forkorte kommunestyreperioden for einskilde medlemmer dei første åra etter ei samanslåing, i staden for å gjennomføre ekstraordinært val. Kommunestyret i den nye kommunen består då av medlemmer som er peikte ut av og mellom dei tidlegare kommunestyra."

Fylkesmannen er samd i at dette vil vere ein praktisk og ressurssparande framgangsmåte i ein overgangsfase. Det kunne likevel gått klarere fram av forslaget at omgrepet "kommunestyreperioden" knyter seg til funksjonstida for det einskilde kommunestyremedlem. Den aktuelle delen av føresegna kunne t.d. hatt slik ordlyd:

"...kommunane kan velje å korte ned kommunestyreperioden for einskilde medlemmer...".

Kapittel 7. Styring av kommunale føretak i parlamentarisk styrte kommunar. Endring av kommunelova §§ 62 nr. 2 og 70.

I Rogaland har vi ingen kommunar som er parlamentarisk styrte, og vi har slik sett ikkje hausta erfaringar med slikt styresett. Fylkesmannen har ikkje merknader til dei foreslårte endringane.

Kapittel 8. Plikt til å kunngjøre møte. Endring av kommunelova §§ 32 nr. 3 andre punktum og 29 nr. 4.

Departementets forslag til endring av kommunelova § 32 nr. har slik ordlyd:

"Møte i folkevalgte organer skal kunngjøres på hensiktsmessig måte. Dette gjelder også møter som det antas vil helt eller delvis lukket etter § 31."

Fylkesmannen er samd i at det blir presisert at også møte som heilt eller delvis blir lukka, skal kunngjerast. Eit alternativ til lovteksten kan vere å ta ut siste setning i forslaget og presisere meiningsinnhaldet i lovforarbeida.

Fylkesmannen støttar forslaget om at kunngjering av møte blir gjort gjeldande for kommunale føretak. Dette vil medverke til profesjonalisering av møterutinar for slike organ. Det går fram av høyringsnotatet at unntaksføresegna berre gjeld for styremøte. Dette kunne ev. vore presisert i § 29 nr. 4 andre punktum.

—
Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Knut Middelthon
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 09
E-post: fmrokmi@fylkesmannen.no